

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 13.1.1983  
OM/THH

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 8/83.

Aktenr. 432.33

### FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET MED GARN ETTER SILD I TRONDHEIMS-FJORDEN I JANUAR 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972 har Fiskeridepartementet 7. januar 1983 fastsett følgjande forskrifter:

#### § 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frosetskjær lykt og Røberg lykt kan ein i januar månad 1983 fiske 1.200 hl sild med garn til menneskemat.

Fiskeridirektøren kan stanse fiske når kvantumet som er nemnt i første ledd er pårekna oppfiska.

#### § 2

Ingen kan delta i fisket utan å vere melde på til Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim.

Søkjarane må stå på blad A eller B i fiskarmanntalet og nytta fiskerimerka farty.

#### § 3

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse forskriftene.

Etter søknad fra Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gi løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunner ikkje kan nyttast til menneskemat.

#### § 4

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter.

#### § 5

Desse føresegnene tar til å gjelde straks.